

Invitasjon til drøftingskveld for 8. trinn

Kjære elevar på 8. trinn og føresette!

Ungdomstida er ei spennande tid, full av nye erfaringar, meir sjølvstende, vennskap og moglegheiter. Det er ei tid ungdomane skal få gle seg til! Samstundes kan overgangen frå barn til ungdom by på nye spørsmål og utfordringar – både for ungdomane og for dei vaksne rundt dei.

Ungdomsteamet i Barne- og familietenesta inviterer difor alle elevar på 8. trinn og føresette til ein felles drøftingskveld om aktuelle tema i ungdomstida.

Stad: Bremnes Ungdomsskule, Trappeamfi

Tid: kl. 18 – 20.

8A BUS	9. September
8B BUS	10. September
8C BUS	14. September
8D BUS	15. September
8E BUS	16. September

Ungdomsteamet består av representantar frå **skulehelsetenesta, fysioterapeut, politiet og ungdomskontaktane**. Me ønskjer å bidra til ein trygg overgang inn i ungdomstida, og at både ungdomar og føresette opplever å ha eit godt lag rundt seg.

Ein kveld for både ungdom og føresette

Denne kvelden får ungdomar, føresette og fagpersonar høve til å bli betre kjende. Her vil ungdomane si stemme blir høyrd og føresette får ei felles forståing av viktige ungdomstema som:

- grensesetjing
- skjermbruk
- vennskap, fellesskap og utanforskap
- rus
- heim og skule samarbeid
- kosthald og søvn
- aktivitet

Målet er ikkje at alle foreldre skal gjere ting på akkurat same måte. Me ønskjer å leggje til rette for gode samtalar om kva som kan vere lurt, og korleis me saman kan bidra til at ungdomane får ei trygg og god ungdomstid.

Obligatorisk samling for elevane

For elevane på 8. trinn er dette ei **obligatorisk samling**. Elevane får tida att i **avspasering** i skuletida.

Som ein del av programmet skal elevane svare anonymt på spørsmål via mobiltelefonen sin.
Me ber difor om at elevane tek med eigen telefon, evt. låner frå ein føresett.

Vel møtt!

Med helsing
Ungdomsteamet
BARNE- OG FAMILIETENESTA